




Avdeling for ingeniør- og naturfag

Historiske utviklingstrekk på garden Ormelid, Luster kommune

Leif Hauge og Ingvild Austad

HSF- Rapport nr. 08-2009





| TITTEL | RAPPORTNR. | DATO |
|---|---|--------------------------|
| Historiske utviklingstrekk på garden Ormelid, Luster kommune | 08-2009 | 17.12.09. |
| PROSJEKTTITTEL | TILGJENGE | TAL SIDER |
| Nasjonalt kulturlandskap | Open | 38 |
| FORFATTAR | PROSJEKTLEIAR/-ANSVARLEG | |
| Leif Hauge og Ingvild Austad | Leif Hauge og Ingvild Austad | |
| OPPDRAUGSGJEVAR | EMNEORD | |
| Luster kommune, Landbruk og naturforvaltning | Kulturlandskap, kulturhistorie, historisk arealbruk, skjøtselsplan | |
| SAMANDRAG | | |
| Rapporten er ei samanstilling av historiske utviklingstrekk for garden Ormelid i Luster kommune. Ormelid kan fylgjast attende til BC 2465, dvs. at garden har ein 4-5000 år gammal historie. Rapporten summerer opp mykje historisk kjeldemateriale. Kart over arealbruken på øvre Ormelid er utarbeidd etter opplysingar frå dei siste brukarane, Kjellaug og Erling Ormelid | | |
| SUMMARY | | |
| This report summarizes the historical development of the farm Ormelid, Luster municipality. The history of the farm can be recorded back to BC 2465. In the report, historical information is presented. Maps showing land use systems at different periods are constructed based both on historical information and data from the most recent farmers. | | |
| PRIS | ISBN | ANSVARLEG SIGNATUR |
| 150.- | 978-82-466-0114-4 | Tarald Seldal (sign.) |

Framsidefoto: Øvre Ormelid i november

FØREORD

Denne rapporten er ei samanstilling av historisk kjeldemateriale for garden Ormelid i Luster kommune. Mykje av grunnlagsmaterialet til denne samanstillinga er framskaffa i samband med prosjektet "Den tradisjonelle vestlandsgården som kulturbiologisk system" som vart gjennomført i perioden 1994-2000. Prosjektet "Vestlandsgården" var finansiert av Norges Forskningsråd under programmet «Kulturminner og miljø». Her stod det heilskaplege produksjonssystemet på typiske tradisjonelle vestlandsgardar i fokus.

Førsteamanensis Jan Anders Timberlid har innhenta ein god del av grunnlagsmaterialet for den historiske delen om Ormelid, vesentleg fra perioden 1500-1900. Agr. dr. Stein Tage Domaas har organisert og gjennomført oppmålingsarbeidet på Øvre Ormelid. Han har også utarbeidd dei fleste originalkartar i rapporten.

All kartframstilling og arealrekneskap er utført i «Geografiske informasjonssystem» (GIS). I framstillinga av karta har det vorte nytta ArcView og PCArcInfo.

Til datafangst har det vore nytta to metodar, både digitalisering av økonomisk kartverk (ØK) i 1:5000 på digitaliseringsbord med ein punktmiddelfeil på 2 m og ved datafangst på staden ved hjelp av totalstasjon.

Denne sammenstillinga kan også sjåast i samanheng med den nylig utarbeidde skjøtselsplanen for kulturlandskapet på Øvre Ormelid. Mykje av det historiske bakgrunnsmaterialet presentert i denne rapporten fungerer som grunnlag for utarbeiding av denne skjøtselsplanen.

Syskena Kjellaug og Erling Ormelid har vore svært viktige informanter. Dei har gitt ei grundig oversikt over drifta og arealbruken på garden slik dei hugsar den. Informasjonen vart i hovudsak innhenta i åra 1994-98 .

Sogndal, desember 2009

Leif Hauge og Ingvild Austad

INNHOLD

| | | | |
|--|----|--|----|
| FØREORD | 3 | 3.0 KULTURHISTORIE OG KULTURLANDSKAP | |
| SAMANDRAG | 5 | PÅ ØVRE ORMELID 1930-1995 | 24 |
| 1.0 INNLEIING | 6 | 3.1 Eng | 24 |
| 1.1 Lokalisering og namn | 6 | 3.2 Åker | 26 |
| 1.2 Berggrunn og klima | 7 | 3.3 Gjødsling | 26 |
| 1.3 Vegetasjon | 7 | 3.4 Husdyr | 27 |
| 1.4 Bygningsmiljø | 8 | 3.5 Beitemark | 27 |
| 1.5 Kulturspor | 9 | 3.6 Hagemark og styvingstre | 27 |
| 1.6 Lokale stadnamn | 10 | 3.7 Vedhogst | 28 |
| 3.8 Andre opplysingar | | 3.9 Andre | 29 |
| 2.0 HISTORIA TIL ORMELID | 12 | 4.0 REFERANSAR OG AKTUELL LITTERATUR | 30 |
| 2.1 Perioden fram til 1500 | 12 | 5.0 VEDLEGG | 32 |
| 2.2 Perioden fra 1500 til 1900 | 13 | 1. Oppføringsstad for hesjar | 32 |
| 2.2.1 Folketal og arbeidskraft | 13 | 2. Registrerte strukturar på ulike delområde | 34 |
| 2.2.2 Driftseiningar | 15 | | |
| 2.2.3 Husmannsplassar | 15 | | |
| 2.2.4 Åkerproduksjon | 16 | | |
| 2.2.5 Husdyrproduksjon | 17 | | |
| 2.2.6 Fôrtilgang | 18 | | |
| 2.3 Perioden fra 1900 fram til andre verdenskrig | 18 | | |
| 2.4 Perioden under andre verdenskrig (1940 – 45) | 19 | | |
| 2.5 Perioden 1945 til 1995 | 21 | | |

SAMANDRAG

Ormelid har store kulturhistoriske og biologiske verdiar og ein interessant og spesiell lokalisering.

Ormelid kan fylgjast attende til BC 2465, dvs. at garden har ein 4-5000 år gammal historie, dette trass i ein ”marginal” lokalisering. Ormelid er slik sett eit levande kulturminne i dagens landskap.

Ormelid er ein gammal vestlandsgard der tradisjonelle arbeidsteknikkar har vore rådande til heilt mot slutten av det forrige hundreåret. Brukarane har opplevd store endringar i råmevilkåra for jordbruksdrifta, men har stort sett vidareført nedarva bruksmönster. Dei har vektlagt ei intensiv utnytting av naturressursane med flyt av næringsemne og produkt frå utmarka til innmarka. Eit intensivt utmarksbruk med slått og lauving la grunnlaget for produksjon av husdyrgjødsel som åkrane og dei beste innmarksareala kunne gjødslast med.

Øvre Ormelid har i stor grad vore sjølvforsynt med jordbruksprodukt. Her hadde dei kjøt frå ulike husdyr, mjølk, mjølkeprodukt og brennved. Produksjonen gav også overskot og ressursar til å handle inn nødvendige kjøpeartiklar. Dei største endringane i bruken kan både knytast til generelle utviklingstrekk i samfunnet og til hendingar på Øvre Ormelid.

Tida kring den siste verdenskrigen var spesiell, kanskje med maksimal produksjon i dette hundreåret.

På den tida var åkerbruket på det maksimale, samstundes med at utmarksdrifta med lauving, utmarksslått, vedssank og støling framleis var intens. Tidsskiljet like etter 1945 representerte store endringar i det tradisjonelle jordbruket. Øvre Ormelid gjekk då over frå å vere basert på allsidig drift til å bli meir retta mot husdyrproduksjon.

Frå 1960 fekk utmarka stadig mindre verdi, produksjonen vart stort sett knytt til innmarksareala med noko åkerbruk og slått av dei høgastytande engene. Vegframføringa kring 1987 representerte eit nytt skilje med større bruk av maskinelt utstyr samstundes med at ein aukande del av lågtytande innmarksareal gjekk ut av bruk. Husdyrhaldet vart kraftig redusert på 1990-talet og kring 1995 var det også slutt på bruken av naturengene. Berre dei beste kulturengene var i då drift og brukarane var i ferd med å avvikle husdyrhaldet.

Kvalitetane på Ormelid er framleis store og ulikt arbeid pågår no for å ta vare på desse verdiene for framtida. Mellom anna er det i samband med framstillinga av dette historiske materialet utarbeidd ein skjøtselsplan for kulturlandskapet på Øvre Ormelid (Hauge & Austad 2010)

1.0 INNLEIING

1.1 Lokalisering og namn


Garden Ormelid med bruka Øvre Ormelid ("Øvreli") og Nedre Ormelid ("Nedreli") ligg inst i Fortunsdalen, Luster kommune (fig. 1). Garden har bruksnummer 1 i kommunen.

Gardstuna og dei sentrale innmarksareala ligg på på to mindre berghyller i lisida. Tunet på Øvre Ormelid ligg ca. 450 moh., vel 125 m høgare opp i lisida enn nabobruket (fig. 2). Ormelid kan slik sett både kallast ein hyllegard og ein høgdegard.

Med unnatak av innmarksareala og heimeutmarka som har hørt til dei respektive to bruka, har Øvre- og Nedre Ormelid hatt felles heimestølar, hauststølar og fjellstølar og elles utnytta den meir perifere utmarka og fjellområda saman. Dei to bruka har eit samla innmarksareal på ca. 580 daa, og eit samla utmarksareal på totalt ca. 3000 daa, Store delar av utmarksareala er heller svært brattlendte. I tillegg disponerer garden store beiteområde på bortimot 17 km² i fjellet i Vest-Jotunheimen.

Når det gjeld storleik og landskuld, ligg Ormelid eit godt stykkje under gjennomsnittet, samanlikna med gardane i nærområdet. Etter tradisjonelle dateringsmetodar ville Ormelid ha vore rekna som ein mogeleg eller sannsynleg mellomaldergard ut frå eldste belegg, namn, eigedomstilhøve og landskuld (Austad & Øye 2001).

Fjorden har gjennom tidene vore den viktigaste ferdelsåra for dei indre fjordbygdene ved Lustrafjorden. Frå fjordbotnen i Skjolden og gjennom dei lange dalføra gjekk det viktige ferdelsvegar over fjellet til Skjåk og Lom i Gudbrandsdalen. Ormelid ligg langs ei slik gammal ferdelsåre (fig. 3).



Figur 1. Lokalisering av Ormelid i Fortun, Luster kommune.

Namnet Ormelid kan ha utspring i orm og lid, trass i at det finst svært lite orm i området (Øyane 1984). Mest truleg er det at namnet kjem av vorm, frå fosseturen av elvane i Fortunsdalen.


1.2 Berggrunn og klima

Garden Ormelid ligg på grunnfjellsbergartar frå Jotundekket omgitt av eit band med kambrosiluriske bergartar. Dette gjev stadvis eit baserikt jordsmonn. Med unntak av områda nær gardstuna, er terrenget gjennomgåande bratt og har ein sørlig til sørvestleg eksposisjon. I lisidene er det parti med nakne berg og bratte hamrar, blokk og rasmark. Markerte berghamar finn vi m.a. både nedanfor og ovanfor dei sentrale innmarksareala på begge bruken, og ned mot Grandfastao, sidedalen i aust. Der denne sidedalen møter hoveddalføret Fortunsdalen, ligg mektige grusterrassar etter ulike avsmeltingstrin etter siste istid. Marin grense i området er på ca. 130 moh. Fjellområda i aust, i Vest-Jotunheimen, har lite lausmassar bortsett frå ein del forvitningsjord.

Klimatilhøva i området er variable. Fortunsdalen har tilnærma kontinentale tilhøve med store temperatursvingingar med kjølige vintrar og varme somrar. Orienteringa til hoveddalføret og nærleik til mektige fjellmassiv, har mykje å seie både for temperatur, nedbør og soltilhøve. I dalbotnen kan sola vere borte store delar av vinteren, noko som også påverkar snøsmeltinga om våren.

Dei to gardsbruken Nedre og Øvre Ormelid som ligg eit godt stykke opp fra dalbotnen, har imidlertid langt betre soltilhøve. Dette saman med ein gunstig eksposisjon og helling, gjer at garden kan seiast å ha ein god lokalisering. På Øvre Ormelid er det opp til fem timer meir sol om sommaren, og sol også heile vinteren. Det vert også fortalt at bønder nede i Fortunsdalen tidlegare leide areal på Ormelid til korndyrking.

Fortunsdalen ligg i “nedbørskuggen” med relativt lite nedbør gjennom året.



Figur 2. Gardstuna på Øvre og Nedre Ormelid ligg på kvar si fjellhylle, ca. 300 og 500 moh.

1.3 Vegetasjon

Vegetasjonen rundt Ormelid er variert. Dette skuldast i fyrste rekke eit markert relief og store variasjonar både med omsyn til berggrunn og terrengtilhøve, jordsmonn, eksposisjon og fuktighetstilhøve. Lisidene er i dag tilvaksne med lauvblandingsskog. På frisk, frodig mark i nedre delar av lisidene med god tilgang på næringsemne, veks edellauvtre saman med eit frodig feltsjikt av høgstauder. Spreidde innslag av alm finst også nær tuna både på Nedre- og Øvre Ormelid.

Både i lisidene og i utmarka elles veks furu på grunnlendt og turr mark. Ved bekkar og vatnsig finst ulike utformingar av gråor-dominerte vegetasjonssamfunn. Gråor veks også saman med vanleg bjørk som kolonisator på tidlegare opne beitemarker, utslåttar og slåttekvier, og

tettar att tidligere lysopne hagemarker og lauvenger. Vanlege treslag i området elles er selje, osp og rogn. I høgareliggende område rundt hauststølen Øvstestølen, og særleg nær fjellstølane, tek lågalpine og alpine vegetasjonstypar over dominansen.


Vegetasjonen på innmark, i utmark og på fjellet er prega av menneskeleg påverknad; enten direkte gjennom jordopparbeiding og oppgjødsling (åker og fulldyrka eng på innmark), fôrhausting ved slått (innmarksenger, naturenger, stølsvier og utslåttar), og lauving gjennom årvis hausting av ulike lauvtre. Vegetasjonen er også stadvis prega av husdyrbeitning. Jordbruksdrift og husdyrbeitning har imidlertid vorte svært redusert i dei siste femten åra, og dei gamle kulturmarkene er i ferd med å endre karakter, eller forsvinne.

1.4 Bygningsmiljø

Bygningsmiljøet på Ormelid er samansett av fleire gamle og spesialiserte bygningar (fig. 4). Ein reknar den gamle kårstova på garden som den eldste av bygningane i tunet. Det er eit laftahus i to høgder fra 1700-talet. Kårstova er bordkledd, men umåla. På taket ligg steinheller.

Kårstova er delvis bygd saman med hovudhuset, eit steinhus mest truleg oppført først på 1800-talet. Bygdeboka for Luster nemner at det var to brør som bygde kvar si steinstove, ei på Ormelid og ei på Fuglesteg (Øyane 1984). Då det var Sølfest Nilsson d.y. som bygde stova på Fuglesteg, må broren Sølfest Nilsson d.e. (1771-1829) ha bygt steinstova på Ormelid. Kjellaug hevdar derimot at steinstova er mykje eldre, kanskje kring 400 år gammal.


Steinstova har metertjukke veggar. Oppføring av slike steinstover var eit omfattande arbeid, mykje meir tidkrevjande enn oppføring av t.d. eit lafta trehus. Det var helst røynde husbyggjarar som kunne mure desse stabile steinmurane som skulle vere slette på begge sider. Steinane måtte nøye veljast ut og tilpassast kvarandre.



Figur 3. Avstands- og stigningskart for ulike veg- og stisystem. Avstandane er korrigerte mot topografiene og viser reelle avstandar (akkumulert distanse). Profila tek utgangspunkt i vegstrekningane a) dalbotnen ved elva til tunet på Ormelid, b) tunet på Ormelid, c) Nedtestølen, d) Øvstestølen og e) fjellstølen.

Dei store steinane vart først lagt på plass og deretter vart mindre steinar kilte innimellan for å oppnå stabilitet. Berre unntaksvis vart steinane tilhogne for å passe inn. Steinhuset har tre rom i fyrste høgda, ei stove som utgjer kring 2/3 av arealet, eit kjøken og eit kammers. Huset har også eit loftsrom utan full høgd. Taket på steinhuset er no tekt med bølgjeblekplater.

Det gamle umåla, lafta stabburet utan bordkledning står på ti solide "stabbar" vest i tunet (fig. 5). Stabburet i to plan er delt i to like store delar med ein tverrvegg. Vedhuset på natursteins-underlag med overbygd inngangsparti, står skjerma bak ein stor stein.



Figur 4. Skisse som viser plasseringa av noverande bygningar i tunet på Øvre Ormelid. (Oppmålingsarbeid i samband med "Vestlandsgård"-prosjektet).

Driftsbygningen er den nyaste bygningen i tunet, oppført i 1923 i tre høgder. Bygget med grunnflate på kring 250 m² er tufta på ein solid gråsteinsmur. Driftsbygningen, bygd i reisverk med bordkledning, er nokolunde symmetrisk oppført kring låvebrua med to arkar og to fløyar. To runde siloar er oppmurte inne i bygget. Taket er tekt med svarte metallplater.

Då driftsbygningen stod ferdig, vart alle dei gamle uthusa som stod her tidlegare rivne, både buer, fjøs, sauefjøs og stall. Dei siste åra har ei langtidsparkert campingvogn utgjort eit karakteristisk element i tunet.



Figur 5. Øvre Ormelid i 1994 då Erling og Kjellaug framleis budde på, og dreiv garden. Legg merke til det nyslatte og velstelte tunet.

1. 5 Kulturspor

Dei mest sentrale åker- og slåtteengene nær tunet har tidleg vorte rydda for stein, og det er relativt få spor etter gamle strukturar her. Eit unntak er likevel den lange steinlagde vatnings- og dreneringsgrøfta på dei sentrale åkerareala.

På Skallen er det registrert fem tydlege bakkemurar som støttar opp åkerareala, 10 rydningsrøyser og 9 steinopplegg. I Dumpi finst spor etter den gamle turkestova og det er fleire små rydningsrøyser i terrenget. På Flåten er det registrert fleire bakkemurar, og på Flåtaklo er det kartfesta 3-4 bakkemurar og eit par rydningsrøyser. Mot Nedre Ormelid finst delar av den gamle gardsvegen.

Det er særleg på dei meir perifere, delvis marginale innmarksareala at vi finn eit variert utval av ulike steinopplegg, i fyrste rekke i tilknyting til gamle åkrar og slåtteenger (fig. 6 og vedlegg 2). Særleg er området ved Plassen i nord-vest og Monsateigen i sør-aust, rike på tekniske strukturar. På Monsateigen er det tydlege spor etter 5 åkrar, fleire med markerte åkerreiner i nedkant. På Plassen, er det også restar etter to hustufter (stein), fire rydningsrøyser og fem steinopplegg (små røyser). Teigen Plassen er avgrensa av ein større steingard i nedkant.


Området rundt Grøsvaløa har fleire kulturspor, også spor etter ein tidlegare åker, fleire rydningsrøyser og steinopplegg. Ein steingard avgrensar ein tidlegare større åker, og ein bakkemur. I dette området ligg også fleire rydningsrøyser som vitnar om overflaterydding. I Gjerdene kan det også påvisast murar etter ei høyløe.

Også Teigane er rik på rydningsrøyser og steinopplegg. Her er registrert 16 rydnings-røyser og heile 87 steinopplegg. Stadvis finst delar av steingardar. På Monsateigen er det påvist grunnmurar etter to bygningar. Her ligg tre tydelege rydningsrøyser, dessutan eit mangslunge system med terrassar og steingardar.

Steingardar, rydnings-røyser, bakkemurar og tufter etter fleire bygningar, fortel om den sentrale posisjonen Nedtestølen tidlegare har hatt.

1.6 Lokale stadnamn

Mange av namna på garden knyter seg til spesielle topografiske strukturar og skildrar i noko mon tilhøva på desse stadane, sjå fig. 7. «Skallen» viser til eit rygglandt og ope område med skrint jordsmonn. «Dumpi», «Hola» og «Grindholene» er namn på små søkk, gjerne med noko friskare jordsmonn. «Grøsva», «Groadalen» med «Grodalsbakken» representerer sikkert spesielt frodige areal. «Bergi» og «Kolvaholten» peikar på brattlendte strukturar. «Steinteigen» er truleg eit noko tungdrive areal. Elles er det fleire stadnamn som konkret går på



Figur 6. Områdenamn på Øvre Ormelid med inntekning av registrerte, viktige kulturspor og strukturar.


vegetasjon slike som «Furuteighammaren», «Hatladn» og «Heggåkeren».

Geografiske namn er det fleire av, slike som «Nedstestølen», «Øvtestølen», «Øvteteigen», «Insteteigen» og «Heimegrindi». Elles har namnsetjinga innslag av brukshistorie og konkrete personar slike som «Plassen» eller Liplassen, «Monsateigen», «Nilsastabburet» og «Kadlåkeren».

Fleire namn har utspring i konkrete strukturar og bygningar. «Turkestova» har gitt namn til både «Turkestoveåkeren» og «Turkestovehaugen». «Kvernhusøy» er knytt opp mot elva og vitnar om at det ei tid også var kvernhus på garden.

«Killinghola», «Kalvamyri», «Kvéi», «Gjerdene» og «Stakksletti» viser til strukturar med konkrete bruksfunksjonar. Kve er ei lita innhegning eller stengsel for husdyr, kanskje var det også eit lite stengsel i tilknyting til Killinghola?

«Stakksletti» fortel om utmarksbruk og lauvings- og slåtteaktivitet, her var eigna stader til å oppføre eit lauvrauk eller ein høystakk. «Tretteteigane» grensar til nedre Ormelid og forklarar truleg litt av ein vanskeleg eigedomshistorie til arealet.



Figur 7. Lokale stadnamn på Øvre Ormelid.

2.0 HISTORIA TIL ORMELID


2.1 Perioden fram til 1500

I åra 1995-1998 vart det gjennomført arkeologiske undersøkingar på garden Ormelid. Dette har gitt grunnlag for å kunne skildre garden i eit lengre tidsperspektiv enn det som skriftleg, historisk kjeldemateriale gjev høve til (Åstveit 1998, Valvik & Åstveit 1999), fig. 8.

I fleire av terregn- og jordprofila som vart laga i samband med dei arkeologiske undersøkingane som omfatta Øvre Ormelid, er det påvist klare kol-sjikt som underste stratigrafiske kulturlag (Åstveit 1998). Spora etter desse brannlaga er tolka som resultat av ei form for brannrydding der målet truleg har vore utvikling av beitemark. I brannlaga er det identifisert treslag som or, selje og bjørk. Her har det nok vore ei systematisk skogrydding, truleg etter at trea har vore felt eller ringbarka. Denne brannryddinga, eller svedjebruken, er ved hjelp av 14C datert til så tidleg som til overgangsperioden mellom yngre steinalder og bronsealder (BC 2030-1525) (Åstveit 1998, Austad & Øye 2001). Dei eldste dateringane frå Ormelid kjem frå heimestølsområdet ved Nedtestølen, frå yngre steinalder (BC 2465-2205). Mykje tyder på at ryddinga av det sentrale noverande innmarksarealet på Ormelid skjer noko seinare.

Dei fyrste sikre dyrkingsspora (åkerbruk) er datert til yngre bronsealder (BC 1915-1740 og BC 840-785) (Åstveit 1998, Austad & Øye 2001). Den eldste brannryddinga, svedjebruken heldt fram utover i yngre bronsealder.

På Ormelid ser det ut til at det kan ha vore brot i dyrkinga i før-romersk tid og i eldre romartid. Lagskifta i profila er likevel ikkje markerte. Dette tyder på at området neppe har vore skogvakse, noko som ville ha kravd ny brenning. Landskapet har derfor truleg vore ope også i denne perioden og utnytta til beiting.



Figur 8. Sentrale, historiske utviklingstrekk for Øvre Ormelid.

Intensivering av drifta i form av auka rydding av stein og tjukke dyrkingslag med markerte innslag av organisk materiale, er fyrst påvist i yngre romartid. (250-405AD). I løpet av tidsrommet yngre romartid/vikingtid er det stadfesta spor etter ekspansjon av åkerarealet på Ormelid samstundes som det også i ytterkantane av den sentrale innmarka er påvist spor etter dyrking. På Ormelid er den neste store ekspansjonsfasen i overgangsperioden mellom vikingtid og mellomalder (Austad & Øye 2001).

Eit skilje mellom innmark og utmark ser ut til å ha skjedd seinast i romartid/ folkevandringstid. I løpet av høgmellomalderen er det påvist utnytting av alle Ormelid sine stølsområde (tab.1). Den omfattande bruken av fjell- og utmarksområde tyder på at husdyrbruket må ha vore omfattande på garden. Det er samanfall mellom ekspansjon og intensivering i innmark og nær utmark og ekspansjon og auka utnytting av fjernareliggjande utmarksområde og stølsdrift i fjellet.

Tabell 1. Eldste datering av heimestølar og fjellstølar (henta frå Austad & Øye 2001).

| | | | |
|-------------------------|--------|-----------------------|--------------|
| Nedstestølen | sone 3 | seinmellomalder | AD 1445-1630 |
| Øvstestølen (tuft) | sone 4 | tidleg/høgmellomalder | AD 1015-1220 |
| Øvste Stølsdalen (tuft) | sone 4 | tidleg mellomalder | AD 1015-1155 |

På Ormelid er det arkeologiske indikasjoner på rydding og dyrking også på 1400-talet, og det i område som låg i periferien av den beste dyrkjordja. Dette skjedde i ei tid som elles var sterkt prega av kollapsen etter Svartedauden med avfolkning både av gardar og heile grender. Sjølv om Ormelid ikkje finst i dei skriftlege kjeldene frå 1500-talet, tyder dei arkeologiske undersøkingane på at det har vore kontinuerleg drift på denne garden gjennom heile pestperioden.

Ormelid ser heller ikkje ut til å ha vore ramma av jordbrukskriza i seinmellomalderen. Dei arkeologiske undersøkingane har dokumentert at ein høgtliggende gard som Ormelid har vist seg å vere minst like

gamal som gardar med større dyrkbart areal og med meir sentral lokalisering nær fjorden (Åstveit 1998, Valvik & Åstveit 1999, Austad & Øye 2001, Øye et al. 2002).

2.2 Perioden frå 1500 til 1900

Ormelid er fyrste gong omtala i skriftlege kjelder i 1603. Då var det leiglendingen Jon som dreiv garden (Øvre Ormelid). Nedre Ormelid er fyrste gong omskriven i 1608 med leiglendingen Lars som brukar. Begge brukar var eigde av mektige borgarslektar som heldt til i Bergen. Frå 1650 ser det ut til at Ormelid vart driven av far og son, men frå 1680 skjer det eit tydeleg skilje mellom dei to brukar, Øvre og Nedre Ormelid med kvar si skuld. I 1745 vart begge brukar selde til brukarane.

2.2.1 Folketal og arbeidskraft

Det er vanskelig å få ein eksakt oversikt over kor mange som budde på Ormelid før 1801 då den fyrste nominelle folketeljinga vart gjennomført (tab. 2 og fig. 9). Både for 1660-åra og i 1701 er vi avhengige av å rekonstruere folketalet ut frå eit manntal. Desse to kjeldene oppgir 4 menn i 1660-åra og fem menn ved manntalet i 1701. Med eit forventa lite kvinneoverskot kan vi anta at det var i underkant av 10 personar midt på 1600-talet, og i overkant av 10 personar på fyrstninga av 1700-talet. Dette gjekk så opp til 15 personar hundre år etter. Folketalet heldt seg på dette nivået utover 1800-talet til det nådde ein topp i 1875 med 25 personar.

Tabell 2. Folketalsutvikling på Ormelid (både Øvre og nedre Ormelid).

| Årstal | 1801 | 1825 | 1835 | 1855 | 1865 | 1875 | 1900 |
|----------|------|------|------|------|------|------|------|
| Folketal | 15 | 13 | 14 | 18 | 22 | 25 | 20 |

Forutan den arbeidskrafa som familien sjølv representerte, måtte dei også skaffe seg hjelp utanfrå. Men tronen for leigd arbeidskraft varierte alt etter kor i livssyklusen brukarparet var. Var dei i oppstartsfasen med små born, hadde dei bruk for tenestefolk. Dette var også tilfelle dersom brukarane var opp i åra og hadde få born heime, eller når folk var åleine. Dette vert godt illustrert ved folketeljinga i 1801 (tab. 3). Då var det ingen tenestefolk på bruk 2, men det var mange vaksne born heime (6 born i alderen 10-27 år). I tillegg hadde den eldste sonen (og komande brukar) Sølvfest Nilsen gifta seg og med det tilført bruket endå mer frisk arbeidskraft. Då heller ikkje brukarparet var eldre enn 59 og 50 år, var også desse i arbeidsfør alder. Slik sett skorta det ikkje på arbeidskraft på ”Nedreli” ved inngongen til det nye hundreåret.

Verre var det på ”Øvreli”. Her sat Anders Povelsen på 68 år som enkemann med ei stedotter på 56 år. For å kunne drive bruket hadde Anders ein dreg og to tenestejenter tilsett.

I 1865 var det tre hushald på Øvre Ormelid, gardbrukaren (50), kona hans (51) og seks born i alderen 9-27 år (tab. 4). Den eldste sonen arbeidde som skulehaldar. I tillegg hadde dei ei tenestejente. Elles budde onkelen på garden som ”føderådsmann”. Han hadde også ein dreng som han delte med nevøen.

På Øvre Ormelid budde også Mons Christenson (44) som føderådsmann (Monsateigen). Mons hadde ei kone på 62 år og dei hadde ein felles son på 17 år. På Monsateigen var det også ei tenestejente. Monsateigen var ein eigen driftseining under bruk 1. Dette var eit kårbruk som kårenka Bertha Sølfestdotter og mannen Mons Christenson fekk i åra 1873-1880.

I alt budde det 15 personar på Øvre Ormelid i 1865. Dei hadde elles 3 hestar, 22 storfé, 13 geiter, 36 sau og to svin. Dei sådde 5½ tønner bygg og 10 tønner poteter.

Tabell 3. Oversikt over alle personar på Øvre og Nedre Ormelid i 1801(Digitalarkivet).

| Førenamn | Etternamn | Familiestilling | Yrke | Alder |
|--------------------------|---------------|-----------------|---------|-------|
| Øvre Ormelid | | | | |
| Anders | Povelsen | Husbonde | Enkeman | 68 |
| Povel | Pedersen | Tenestefolk | Ugift | 21 |
| Ingeri | Andersdatter | Tenestefolk | Ugift | 40 |
| Birte | Sjursdatter | Tenestefolk | Ugift | 39 |
| Kari | Olsdatter | Stedotter | Ugift | 56 |
| Nedre Ormelid | | | | |
| Nils | Sølfestson | Husbonde | | 59 |
| Berthe | Sølfestdatter | Kone | | 50 |
| Johannes | Nielsen | Son | | 27 |
| Mons | Nielsen | Son | | 16 |
| Nils | Nielsen | Son | | 10 |
| Ingeri | Nielsdatter | dotter | Ugift | 26 |
| Anna | Nielsdatter | dotter | Ugift | 21 |
| Kisti | Nielsdatter | dotter | Ugift | 19 |
| Sylfæst | Nilsen | Mann | | 30 |
| Anna | Jensdatter | Kone | | 36 |

På Nedre Ormelid var det to hushald. På hovudbruket budde Eilef Thorsson på 62 år med kona si på 65 år. To vaksne og ugifte born budde enno heime, Tosten på 30 år og Ingeborg på 23 år.

I tillegg var det ein føderådsmann her, Christen Torgerson, på 67 år. Han hadde to tenestejenter. Også her var husdyrhaldet høgt med 3 hestar og 17 storfé. Dei dyrka 4½ tønner bygg og 8 tønner poteter.

Totalt budde det 22 personar på Øvre og Nedre Ormelid i 1865.

Ved teljinga i 1900 var talet på registrerte personar på 20, inkludert 1 person på besøk (tab. 5). På Øvre Ormelid bur det 6 personar i to hushald. I tillegg er det registrert to eldre personar som er brødre av kårkona. Brukarparet er i 40-års alderen. Dei har ein son på 13 år. Mor til gardbrukaren bur også her og er registrert med handarbeid som yrke. I tillegg bur også den evneveike systera til brukaren her. På garden vert det dyrka korn og poteter, her er også husdyr og høns. På Øvre Ormelid finn vi i 1900 også husmannsplassen Li ("Plassen"). Her bur Olav Sørensen med kone, son og dotter.

Søren er skomakar medan kona og dottera er oppført med arbeid som husstell, handarbeid og husdyrstell (budeie). Det vert dyrka korn og poteter på plassen og det er husdyr her.

På Nedre Ormelid bur det i 1900 sju personar. Gardbrukaren er ein eldre enkemann, medan seks yngre born bur heime og hjelper til med gardsarbeid og husstell. Ei dotter er på besøk.

På bruket vert det dyrka korn og poteter og dei har husdyr. Ein frukthage er også registrert.

2.2.2 Driftseiningar

Endringar i folketalet dreiv fram brukseiningar. I fyrste omgang ser vi både Øvre og Nedre Ormelid saman; dette er to bruk som har felles opphav. Dei måtte konkurrere om dei same ressursane, for begge brukar var utmarka eit viktig ressursgrunnlag. Når det gjeld talet på bruk, har det vore konstant to brukseningar sidan Nedre Ormelid vart etablert i 1608. Det som skulle demme opp for ein auke i folketalet, var kårhushald og husmannsplassar som vart etablerte for kortare periodar.


2.2.3 Husmannsplassar

Husmannsplassane vart oppretta på 1800-talet. Den eldste var Haugen under Nedre Ormelid. Den vart sett ned i 1838 og eksisterte fram til

1945. Plassen stod tom i perioden fra 1886 til 1926. I 1865-teljinga er det ikkje nemnt husmannsplass på Nedre Ormelid, men truleg kan Christen Torgerson med sine to tenestejenter ha budd her på den tida.

Tabell 4. Oversikt over alle personar på Øvre og Nedre Ormelid i 1865 (Digitalarkivet).

| Førenamn | Etternamn | Familiestilling | Yrke | Alder |
|----------------------|----------------|-----------------|--------------------------|-------|
| Øvre Ormelid | | | | |
| Jens | Johannessen | Husfar | Gardbrukar og sjølveigar | 50 |
| Kristine | Ottessdatter | Husmor | | |
| Johannes | Jensson | Son | Skulehaldar | 27 |
| Sølfest | Jensson | Son | Gardsarbeidar | 26 |
| Otte | Jensson | Son | | 16 |
| Arne | Jensson | Son | | 9 |
| Ingeri | Jensdotter | Dotter | | 24 |
| Susanne | Jensdotter | Dotter | | 20 |
| Kari | Iversdatter | Tenestejente | | 21 |
| Niels | Nielsson | Farbror | Føderådmann | 75 |
| Niels | Sjursson | | Dagarbeider | |
| Monsaplassen | | | | |
| Mons | Christenson | Husfader | Føderådmann | 44 |
| Bertha | Sølfestdatter | Kone | | 62 |
| Anders | Monssen | Son | | 17 |
| Martha | Olsdatter | Tenestejente | | 17 |
| Nedre Ormelid | | | | |
| Eilef | Thomasson | Husfader | Hardbrukar og sjølveigar | 62 |
| Ingeri | Pedersdatter | Kone | | 65 |
| Tosten | Eilifson | | Gardsarbeidar | 30 |
| Ingeborg | Eilifsdatter | Dotter | | 23 |
| Christen | Torgerson | | Føderådmann | 67 |
| Elen | Johannesdatter | | Tenestejente | 22 |
| Ingeri | Olsdatter | | Tenestejente | 28 |



Figur 9. Folketalsutvikling på Øvre Ormelid i tidsperioden 1666-1995. Verdiar frå 1666 baserer seg på manntal og inkluderer ikkje kvinner.

Også på Øvre Ormelid vart det etablert ein plass for ein kortare periode. På Li ("Plassen") budde det folk i åra 1880-1915. Både husmanns- og kårplassane gjekk inn att i hovudbruka då folka der enten døydde eller flytta ut.

Husmanns- og kårplassane har slik sett fungert som ei avlasting i periodar då det vart fleire menneske som konkurrerte om levebrødet, enten det var yngre som var i ferd med å etablere seg eller det var eldre som var i ferd med å avslutte ei yrkeskarriere. Dette betydd at det var ei veksling mellom 2-4 driftseiningar på garden Ormelid i perioden fra 1838 til 1915.

2.2.4 Åkerproduksjon

Storleiken på åkerarealet ser ut til å ha vore relativt stabilt frå midten av 1600-talet og utover på 1700-talet. Etter midten av 1700-talet auka åkerarealet, tydeleg som eit resultat av ei folkeauke i åra fram mot 1800. Bygg var einerådande som åkerprodukt på denne tida.

Tabell 5. Oversikt over alle personar på Øvre og Nedre Ormelid i 1900 (Digitalarkivet).

| Førenamn | Etternamn | Familiestilling | Yrke | Fødd |
|----------------------|-----------------|-------------------|----------------------------|------|
| Øvre Ormelid | | | | |
| Henrik | Johannesson Lid | Husfar | Gardbrukar | 1858 |
| Brita | Johannesdatter | Husmor | Husstell og budeiestyr | 1861 |
| Arne | Henrikson | Son | | 1887 |
| Eli | Olavsdatter | Mor til husfar | Handarbeid | 1827 |
| Aagaata | Johannesdatter | Syster til husfar | Tilfeldig arbeid | 1843 |
| Susanna | Kristendatter | Kårkona | Handarbeid | |
| Johannes | Kristenson | Hennar bror | Forhv. gardbrukar | 1819 |
| Jens | Kristenson | Hennar bror | Forhv. smed | 1833 |
| Liplassen | | | | |
| Olav | Sørenson | Husfar | Styrer plassen | 1844 |
| Elisa | Madsdatter | Husmor | Husstell og budeiestyr | 1829 |
| Sigrid | Pedersdatter | D. av Elisa | Budeiestyr og handarbeid | 1857 |
| Søren | Olavson | Son | skomakar | 1876 |
| Nedre Ormelid | | | | |
| Torstein | Eilevson | Husfar | Gardbrukar | 1836 |
| Tomas | Torsteinson | Son | Gardsarbeide | 1870 |
| Eilev | Torsteinson | Son | Gardsarbeide og geitedrift | 1874 |
| Kristina | Torsteinsdatter | Dotter | Husstell | 1872 |
| Ingerid | Torsteinsdotter | Dotter | Husstell og budeiestyr | 1880 |
| Susanna | Torsteinsdotter | Dotter | Husstell og handarbeid | 1883 |
| Maria | Torsteinsdatter | Dotter | Husstell og budeiestyr | 1887 |
| Thea | Torsteinsdotter | Dotter | | 1888 |

Frå 1802 startar dei med potetdyrkning på Ormelid. Ikkje berre vart tidlegare kornåkrar nytta til den nye åkerveksten, nye areal vart også brotne opp. Poteta kunne nemleg klare seg med jord av därleger kvalitet. I 1802 er avlinga på 48 tønner korn totalt. I åra 1835 til 1845 er avlinga på sitt høgaste med 127 tønner poteter og 64 tønner korn. Deretter minkar kornavlinga, medan potetavlinga held fram å auke fram til 1880 då den er på sitt høgaste med godt over 140 tønner. Samstundes minkar kornavlinga til under 40 tønner.


Øvre Ormelid har opp gjennom tidene hatt ein sentral funksjon som overnattingssstad på vegen over Sognefjellet. Potet kan ha utgjort ein viktig del av kosthaldet til overnattingsgjester. Ein mogeleg forklaring på den store potetavlinga kan også vere utelege av areal til andre brukarar i Fortunsdalen, eller poteter kan ha vore nytta til annan produksjon, som t.d. til brennevinsbrenning som var svært vanleg i Sognebygdene ut på 1800-talet.

2.2.5 Husdyrproduksjonen

Det var i første rekke husdyra som utgjorde grunnlaget for salsprodukta på garden. Sett i forhold til åkerprodukta skulle også husdyra få auka betydning dess lenger ein kjem framover i tid. Det gjeld verdien av smør, ost, kjøt, talg og skinn.

Nemninga ”kyrlag” er eit mål på dyreeiningar utrekna etter normalverdien på ei ku. Kyrlag blir nytta for å samanlikne verdiar i jordbruket, t.d. totalt beitepress og trong til vinterfôr. Det går 6 sauere/geiter på eit kyrlag og ein hest utgjer to kyrlag.

Kyrlaget på Ormelid stig jamt fram mot 1800, i 1803 er kyrlaget 45 totalt (tab. 6 og fig. 10). I 1865 finn vi det høgaste kyrlagstalet med 65. Auken heng saman med ein kraftig oppgang i talet på småfê, og samsvarar i tid saman med ekspansjonen i åkerareal og folketall.



Figur 10. Husdyrhald på Øvre Ormelid i tidsperioden 1723-1839.

I 1850 finn vi også gris for ”fyrste” gong på Ormelid. Etter 1865 fell storfetalet, medan talet på småfê aukar fram til 1900. Etterpå skjer det ein radikal nedgang i talet på dyr på Ormelid. Dette er trekk som ein finn att elles i bygda og i distriktet. Gardbrukarane satsar på færre, men livskraftige dyr som vert føra betre. Resultatet vart totalt sett ei høgare avkasting og ei betre forteneste.

Tabell 6. Husdyrhaldet på Øvre og Nedre Ormelid 1667-1939 (vinterfôra dyr). Kommentarar til tabellen: 1907 tala for Luster er nemnt i den gamle bygdeboka (Laberg 1926). Grunnlagsmaterialet for teljinga i 1907 er tapt etter ein brann.

| Årstal | 1667 | 1723 | 1801/02 | 1835 | 1845 | 1865 | 1875 | 1907 | 1939 |
|---------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Hestar | 3 | 3 | 3 | 5 | 4 | 6 | 4 | 4 | 4 |
| Storfe | 22 | 17 | 30 | 25 | 27 | 39 | 36 | 31 | 22 |
| Sauer | - | 16 | - | 40 | 66 | 66 | 38 | - | 12 |
| Geiter | - | - | 64 | 40 | 55 | 13 | 51 | 97 | 48 |
| Gris | - | - | - | 4 | 7 | 2 | 3 | - | 4 |
| Kyrlag | 28 | 26 | 47 | 50 | 59 | 65 | 60 | 55 | 42 |

2.2.6 Fôrtilgang

Innmarka skaffa ein god del av det som ein trengde til vinterfôr. Men utmarka med stølsvier og utslårter, lauv, skav og mose (lav) var særsviktig og stod for det føret som mangla for å greie å få dyra gjennom vinteren. På grunn av dei vide utmarksareala voks det fram eit finmaska stølssystem som var i drift fram til åra etter andre verdenskrig. Ormelid har heime- og vårstølen sin på Nedtestølen, medan hauststølen ligg på Øvtestølen. Stølane ligg lagleg til i skog- og graslia over garden. Nedre Ormelid støla også på Flåteigen nede ved Granfasta. Sommarstølane låg derimot lenger til fjells og høgare opp. Øvre Ormelid hadde sin i Stølsdalen, medan Nedre Ormelid drog til Skålbotn med dyra sine. Dette gjorde at folk kunne ta i bruk beiteområda til ulik tid etter kvart som graset vokser.

Tabell 7. Utrekna høyproduksjonen på Ormelid i 1860-åra. Tala er omrekna frå våger. 1 våge = 18.5 kg.

| Bruk | Innmarka | Utmarka | Samla |
|---------------|-----------|-----------|-----------|
| Øvre Ormelid | 12.562 kg | 4.440 kg | 17.002 kg |
| Nedre Ormelid | 6.309 kg | 8.991 kg | 15.300 kg |
| Samla | 18.871 kg | 13.431 kg | 32.302 kg |

Når det gjeld fôrtilgangen, er 1860-åra det einaste tidspunktet vi har dokumentasjon på før år 1900. Matrikkelforarbeidet har oversikt over høyavlina frå inn- og utmarka (tab. 7).

2.3 Perioden fra 1900 fram til andre verdenskrig (1940)

Ormelid var på fyrstninga av 1900-talet ein tradisjonelt dreven gard. Utnyttinga av naturressursane var intensiv, og gamle og innarbeidde driftsteknikkar vart nytta overalt (fig. 11).

I jordbrukssteljinga frå 1939 og 1949 er det Guri Ormelid som er registrert som eigar og gardbrukar på Øvre Ormelid. Ho vart enke i 1937. Vi finn både gardbrukar Ellef Ormelid og husmann Harald Natvik

att på Nedre Ormelid. I jordbrukssteljinga for garden frå 1939 (matrikkelforarbeid) er det eit allsidig husdyrhald på dei to brukta med til saman 3 hestar og eitt føl, 1 ukse, 11 kyr, 3 kviger og 5 kalvar, 12 sauers og 19 lam, 48 geiter og 44 kje, 4 griser, 3 sølvrevar og 6 høner.

Husmannsfamilien på Haugen er registrert med 1 sau, 2 lam, 2 geiter, 2 kje og ein gris (sjå tab. 9). I 1949 har talet på storfé minka sterkt, det same gjeld geiter og kje. Også sauetalet har gått ein del attende (tab. 10).

Skal ein dømme ut frå denne jordbrukssteljinga, var ikkje mekaniseringa kome langt på garden. Berre Nedre Ormelid er registrert med separator og slåmaskin. Jordbrukssteljinga frå 1939 oppgir at det då vart dyrka 3 daa korn og 2 daa poteter på Øvre Ormelid. Vidare vert det oppgitt at gardsbruket har 15 daa eng på dyrka jord (kultureng), 30 daa natureng på innmark, 5 daa seterslåttar (Nedtestølen), 40 daa utmarksslåttar, 200 daa lauvskog og 300 daa anna areal, dvs. at berre halvparten av innmarka vert oppgitt til å vere i bruk til åker og eng. Resten av areala må ha vore nytta som beitemark (ikkje spesifisert). Berre 1/3 av utmarksareala vert oppgitt som skog og anna areal, og fjellområda (støls-, jakt- og fiskerettar) er ikkje spesielt nemnde i jordbrukssteljingane.

Jordbrukssteljinga frå 1939 fortel om eit jordbruk slik det var før dei store endringane fann stad i åra etter krigen (tab. 11). Åkerarealet vart redusert utover 1900-talet til fordel for eng, noko som gjorde at det ikkje lenger vart nødvendig å hente så store mengder frø frå utmarka. Dessutan var buskapen mindre enn det førpotensialet som garden reelt hadde.

2.4 Perioden under andre verdenskrig (1940 – 45)

Tala frå 1939/1949-teljingane skildrar ikkje automatisk situasjonen under krigsåra (tab. 12). Under siste krig vart stort sett alle tilgjengelege flater pløgde opp til åker. Det vart dyrka korn av alle slag og større mengder poteter vart sett i jorda enn vanleg.

Tabell 8. Folketeljing i 1930 på garden Ormelid.

| Hushaldn. namn m/k/b | g/u/e | fødselsår | alder | yrke |
|----------------------------------|-------|-----------|-------|---------------------------|
| Bruk nr. 1. Øvre Ormelid | | | | |
| Henrik J. Ormelid (m) | e. | 1859 | 71 | gardbrukar |
| Johan H. Ormelid (m) | g. | 1887 | 43 | gardbrukar med faren |
| Guri K. Ormelid (k) | g. | 1891 | 39 | husmor |
| Henrik J. Ormelid (b) | u. | 1915 | 15 | barn |
| Alfred J. Ormelid (b) | u. | 1919 | 11 | barn |
| Erling J. Ormelid (b) | u. | 1928 | 2 | barn |
| Brita J. Ormelid (b) | u. | 1914 | 16 | barn, hushjelp heime |
| Klara J. Ormelid (b) | u. | 1920 | 10 | barn |
| Kjellaug J. Ormelid (b) | u. | 1922 | 8 | barn |
| Ester J. Ormelid (b) | u. | 1924 | 6 | barn |
| Bruk nr. 2. Nedre Ormelid | | | | |
| Ellef T. Ormelid (m) | g. | 1875 | 55 | gardbrukar |
| Inga K. Ormelid (k) | g. | 1870 | 60 | husmor |
| Julia A. Fortun (k) | | 1903 | 27 | hushjelp |
| Ormelihaugen | | | | |
| Harald O. Natvik (m) | g. | 1901 | 29 | husmann, gardsarbeidar |
| Gjørgina Natvik (k) | g. | 1906 | 24 | husmor |
| Olav H. Natvik (b) | u. | 1925 | 5 | barn |

Også område som låg utanfor innmarka vart brotne opp til åker. For Øvre Ormelid var dette teigen Gjerdene og delar av området ved Grøsvaløya. Ei auka etterspørrelse etter landbruksprodukt (mjølk, smør, ost, kjøt) i tillegg til poteter førte truleg også til at husdyrhaldet var høgare og försankinga var meir omfattande i krigsåra enn både i åra før (1939) og etter (1949/1960-65). Husmannsplassen Haugen var busett også under andre verdenskrig.

Arealbrukskartet basert på opplysingar frå Kjellaug og Erling viser 7,1 daa åker i krigsåra på Øvre Ormelid (fig. 12). Husdyrhaldet var allsidig og omfattande. Mjølkeprodukta vart foredla på gardsbruket og delvis selde.

Lauvengene i Gjerdene og Grøsvaløya vart intensivt nytta, og også utmarka ellers, og heimestølane og fjellstølane var viktige försankings- og beiteområde. Sjølv med store høyavlingar vart det hausta og nytta mykje lauv på denne tida.

Tabell 9. Garden Ormelid (nedre og øvre). Oversikt over husdyr fordelt på hushald (jordbrukssteljing i 1939).

| Br. nr. | føll | hestar | kalvar | kviger | kyr | ukse | lam | sau | kje | geit | svin | høner | sølvrev |
|---------------|----------|----------|----------|----------|-----------|----------|-----------|-----------|-----------|-----------|----------|----------|----------|
| 1 | 1 | 2 | 4 | 1 | 6 | 1 | 10 | 23 | 26 | 23 | 1 | 6 | 3 |
| 2 | - | 1 | 1 | 2 | 5 | - | 7 | 5 | 19 | 20 | 2 | - | - |
| Plass | - | - | - | - | - | - | 2 | 1 | 2 | 2 | 1 | - | - |
| Totalt | 1 | 3 | 5 | 3 | 11 | 1 | 19 | 29 | 57 | 45 | 4 | 6 | 3 |

Tabell 10. Garden Ormelid. Oversikt over husdyr fordelt på hushald (jordbrukssteljing i 1949).


| Br. nr. | føll | hestar | kalvar | kviger | kyr | ukse | lam | sau | vær | kje | geit | bukk | svin | høner | hane |
|---------------|----------|----------|----------|----------|----------|----------|-----------|-----------|----------|-----------|-----------|----------|----------|----------|----------|
| 1 | | 2 | 3 | 1 | 3 | 1 | 10 | 10 | 1 | 3 | 7 | 0 | 0 | 8 | 1 |
| 2 | 1 | 1 | 2 | 2 | 2 | - | 6 | 11 | | 14 | 17 | 1 | 0 | - | |
| Totalt | 1 | 3 | 5 | 3 | 5 | 1 | 16 | 21 | 1 | 17 | 24 | 1 | 0 | 8 | 1 |

Tabell 11. Oversikt over produksjonsareal på garden Ormelid i 1939 fordelt på dei tre brukseiningane i mål (daa).

| Br.nr | bygg | poteter | grønnfør | dyrka eng | natureng innmark | seter kvier | sum eng | utslåttar | lauv-skog | bar-skog | anna |
|-------|------|---------|----------|-----------|------------------|-------------|---------|-----------|-----------|----------|------|
| 1 | 3 | 2 | | 15 | 30 | 5 | 50 | 40 | 200 | | 300 |
| 2 | | 2 | 1 | 29 | 8 | | 37 | | 300 | | 100 |
| Plass | | 1 | | | | 4 | 4 | | 10 | 5 | |

Tabell 12. Oversikt over produksjonsareal på garden Ormelid i 1949 fordelt på dei tre brukseiningane i mål (daa).

| Br.nr | bygg | poteter | grønnfør | dyrka eng | natureng innmark | seter kvier | sum eng | utslåttar | lauv-skog | bar-skog | anna |
|-------|------|---------|----------|-----------|------------------|-------------|---------|-----------|-----------|----------|------|
| 1 | | 1 | 1 | 14 | 60 | | 76 | | 100 | | 200 |
| 2 | | 2 | 0,5 | 15 | 13 | | 30,5 | | 200 | | 230 |



Figur 11: Arealbruk på Øvre Ormelid i 1935.

Mengde hausta lauv er ikkje oppgitt, men vinterfôra geiter fekk som regel to hovudmåltid med lauv dagleg. Det vart lauva bjørk, or og osp. Alm vart risa fram til 1950-talet. Truleg vart det og hausta mellom 1000-3000 lauvkjervar årleg, avhengig av produksjon og omfangset av høyavlina.


Ikkje alle tidlegare åkrar vart tekne opp att under krigen. Dei små åkrane på Plassen, Monsateigen og på Flåten vart sådde til med engfrøblandingar på slutten av 1930-talet.

2.5 Perioden frå 1945 til 1995


I åra etter andre verdenskrig skjedde det store omveltningsar på Ormelid (fig. 13).

I folketeljinga frå 1960 finn vi berre 3 personar på Ormelid, alle på Øvre Ormelid. Det er Guri og dei to vaksne sònene; Alf og Erling. Nedre Ormelid var delvis nedlagt. I 1946 vart garden kjøpt opp av dødsboet til tidlegare eigarar, og bruket vart drive fram til 1959. Da vart garden seld på nytt. Nedre Ormelid fekk nye eigarar att i 1979.


Både kunstgjødsel, kulturbete og kulturenger kom relativt sein i bruk på Ormelid, fyrst etter andre verdenskrig. Bruk av nye engfrøblandingar og bruk av kunstgjødsel resulterte i ein langt høgare produksjon på innmarksareala, noko som i sin tur førte til at det gradvis vart mindre bruk for utslåttane både i heimeutmarka og på heimestølen Nedstestølen. Her vart det sist slått i 1959. Straum fekk Øvre Ormelid fyrst i 1951-52.



Figur 13. Arealbruk på Øvre Ormelid i 1945 og i 1995 med prosentvis fordeling av ulike kulturmarkstypar. Talverdiane er baserte både på historisk kjeldemateriale og opplysinger fra Erling og Kjellaug Ormelid.



Figur 12. Arealbruk på Øvre Ormelid i 1945-49.



Figur 14. Arealbruk på Øvre Ormelid i 1995.

I 1975-77 vart det bygt skikkelige siloar på Øvre Ormelid. Garden var veglaus fram til 1987. Dette gjorde at det var vanskeleg å bruke traktor med høveleg reiskap her. Etter at vegen vart bygd, har dei flataste og best arronderte innmarksareala på begge gardsbruken vore slått med traktor og fôrhaustar. Vegbygginga resulterte i mykje Stein på slåtteengene mot Nedrelid, og engene her er ikkje slått etter den tida.

Plassen vart stort sett slått fram til 1992/93. Sauehaldet tok slutt i 1971, men det var både kyr, hest og geiter på Øvre Ormelid fram til 1994-96. Beitepresset var i 1995 likevel ikkje stort nok til å hindre attgroing. Særleg Gjerdene og området ved Grøsvaløya har endra karakter. Berre 15-20% av dei tidlegare innmarksareala var i drift i 1995 (fig. 14).

I 1995 budde Erling og Kjellaug på Øvre Ormelid. Dei hadde ei ku og seks vinterfora geiter. Denne sommaren vart berre dei mest sentrale innmarkene slått med traktor og fôrhaustar.

3.0 KULTURHISTORIE OG KULTURLANDSKAP PÅ ØVRE ORMELID 1930-1995

Innhaltet i dette kapitlet er samanstilt etter mange samtalar med syskenparet Erling og Kjellaug i perioden 1994-98.

3.1 Eng

Det aller meste av innmarka, store delar av den nære utmarka og delar av stølsområda har gjennom tidene vore nytta som slåtteareal (fig. 15). Graset vart slått med ljå, turka flatt og/eller hesja. Slåtteaktiviteten var nok på det mest intense først i 1950-åra (Erling Ormelid pers. oppl.). Totalt stod det tidlegare hesjar med totalt kring 1200 golv på innmarka.

Det var faste plassar for oppføring av hesjar, men alle var ikkje i bruk kvart år (figur 16). Kjellaug og Erling hugsar at dei i 1950-åra køyrdde inn 145 fullstappa høylass, inkludert lass med høygrinder. Totalt hadde dei kring 500 hesjastaur som dei flytte rundt på teigane. Gråor var det mest nytta virket til hesjestaur.

Hesjane stod vanlegast på tvers av fallretninga i terrenget. Hesjane hadde i Erling sin barndom 7 troer, etterkvart vart hesjar med 6 og 5 troer vanlegare. Hesjestreng har vore i bruk lenge, Erling hugsar berre at det stod ei trohesje like under stabburet. Som oftast starta slåtonna kring 8. juli og heldt fram heilt til ut i september. Håslåtten føregjekk i september, det var helst dei mest produktive og oppdyrka flatene som vart slått to gonger. I slåtten vart det nytta både tradisjonelle og moderne teknikkar.

Kjellaug og Erling hugsar ikkje at det har vore rydda åker- eller slåtteland medan dei har levd. Erling og broren Alf forma kulturbeteite av Myri (Teigane) ei tid utpå 1950-talet. Dei har produsert "surhøy" så lenge som Kjellaug hugsar.



Figur 15. Den mest artsrike enga på Plassen i 1994.

Fyrste gongen fôrhaustar vart brukt på garden var i 1980 då dei slo på Dumpi, Flåten, Skallen og Heggåkeren. Traktoren og fôrhaustaren kom då like frå Flahamar i Luster.

Dei slo også på Nedtestølen. Her stod det til vanleg 13-14 hesjar noko som utgjorde kring 30 høybører (vanlegvis kring 3 golv i ei høybør). Som oftast køyrdde dei heim høyet herifrå med hest og slede, av og til bar dei også nokre bører på ryggen. Vanlegvis slo ein på heimestølen i august, siste slåtten på Nedtestølen var i 1959.


Så godt som alt graset på innmarka vart slått, både turre knausar og frodige flater. Dei slo heilt ned til Merkjesmuren under Flåten. På denne tida slo dei også i «Gjerdene», her stod det kring 13 hesjar og ei løe.

Erling hugsar at dei slo i små grasskorer og bar graset opp til hesjane. Kjellaug nemner også at dei hesja litt bregner i utmarka, men at einstape vart plukka ut og kasta til sides.

Hesjane hadde gjerne sine eigne namn, både på smågrupper og på einskildhesjar (tab. 13). Døme på slike nemningar er «hesjane på Plassen», «Reset-hesjane», «Kadlåkerhesjane», «Grovadals-hesjane», «Flåtaklørne-hesjane», «Flåtahesjane», «Ned til Hatlane-hesjane», «Hesjane nedpå Dumpi», «Langarompahesi», «Heggåkerhola-hesi» og «Lusakloei-hesi».

Tabell 13. Oversikt over ulike produksjonsarea, talet og storleik på hesjar. I vedlegg 2 er detaljopplysninga for kvar hes presentert.

| | Storlek | Tal hesjar | Tal golv |
|---------------------------------|----------|--------------|--------------|
| Plassen: | 6.1 daa | 8 hesjar | 175 golv |
| Øvste Teigen og Inste Teigen | 24.5daa | 20 hesjar | 384 golv |
| Kalvamyri (kulturbete) | 5.9 daa | | |
| Skallen | 11.7 daa | 19 hesjar | 370 golv |
| Tunet | 4.2 daa | 5 hesjar | 55-60 golv |
| Dumpi | 14.4 daa | 18 hesjar | 311 golv |
| Monsateigen | 7.7 daa | 12 hesjar | 228 golv |
| Flåten | 6.3 daa | 14 hesjar | 185-190 golv |
| Flåtakloei | 10.4 daa | 8 hesjar | 90 golv |
| Grøsvaløa | 9.9 daa | | |
| Gjerdene | 20.8 daa | 13 hesjar | 200 golv |
| Nedstestølen | 12.4 daa | 13-24 hesjar | |



Figur 16. Plassering av hesjar på Øvre Ormelid. Erling og Kjellaug har påvist plasseringa, retninga og storleiken av totalt 112 hesjar på Øvre Ormelid.

3.2 Åker

Fyrst på 1900-talet var det ei rad med smååkrar på Øvre Ormelid (fig. 7). På Monsateigen påviste Erling tre åkrar som var i bruk «i far si tid» (fyrst på 1900-talet). På husmannsplassen «Plassen» kan ein påvise tre åkrar, den eine med ein solid bakkemur i nedkant. Erling fortel at husmannen her også hadde ein stor åker på ei flate mellom to jordfaste steinar. På desse åkrane vart det dyrka både korn og poteter. Elles kan ikkje nokon hugse at det var opne åkrar på denne plassen, men Kjellaug minnest at dei hadde poteter i åkrane utanfor Plassen eit par år kring 1930. Desse bratte åkerane var lette å hauste med grev av di ein slapp å stå så krokryggja som på flatene.

På 1920-talet var det også åker på Flåten, somme tider låg heile stykket ope. Erling hugsar at han i 4-5 års alderen plukka vekk tistlar frå graset i enga før dei hesja. Dette tyder på at åkeren på den tida relativt nyleg var tilsådd.

Dei største åkrane låg på dei beste innmarksteigane. «Dumpi» ligg like under fjøsen. Denne åkeren var delt i to. Vestdelen vart lagd att i 1935-36, medan den andre halvparten låg open fram til midten av 1960-talet. I Dumpi vart det for det meste dyrka korn, spesielt bygg. Vanlegvis stod her kring 50-60 kornstaur.

«Skalleåkeren» låg høgst opp i lia i grensa med Plassen, den var open til 1946. Lenger nede på Skallen låg «Vetleruta» og «Kadlåkeren» som begge var i bruk fram til 1949. Vest for desse gjekk ein langsmal åker som ikkje hadde eige namn, åkeren låg open til 1948. Langerumpa var ein langsmal åker som fylgte ei flate i terrenget på tvers av fallretninga. Like sør-aust for låven låg «Heggåkeren» som var i bruk fram til 1947-48. Ved Turkestova låg åkerlappen «Turkestoveåkeren», nyttta fram til 1936-37.

«Kveåkeren» låg på ei noko slettare flate sør-aust for tunet. Kveåkeren var i bruk før og under siste krig, men vart attlagd i 1948. Åkeren vart opna att kring 1965-67 då avkastinga på åkerne på Dumpi etterkvart vart därleg. Delar av Kveåkeren var framleis i bruk i 1995.

Erling påviste også to åkerareal i den nære utmarka. Den eine åkeren låg i eit lite søkk mellom bergknausar aust for Øvsteteigen ved "Grindholedn". Lenger oppe i lia like ved vegen til Nedtestølen låg ein noko større åker støtta opp av steinar i nedkant og med spor etter spadevending i overkant («åkerhakk»).

Både før, under og etter andre verdenskrig dyrka dei kring 9-11 dekar med korn og poteter på Øvre Ormelid. Av korn vart det sådd både bygg, kveite og havre. Under krigen var det pålegg om dyrking av ulike matvekstrar. Kjellaug kunne og hugse at det i kalde periodar på seinsommaren/hausten vart sett fyr på halm for å få eit røykteppe som motverka at kornet fraus.

3.3 Gjødsling

Areala på Øvre Ormelid har stort sett berre vore gjødsla med husdyrgjødsel. På slåttemarkene, seinare kulturbeita, og på Teigane i hellinga over tunet, vart det stort sett nytta hestemøk. Denne hadde ein fast og porøs struktur og var lett å transportere i motbakke. Gjødsla vart fordelt på både slåttemark og åkerareal, storfégjødsla helst på åkrane. Husdyra produserte rikeleg med gjødsel, slik at dette aldri var mangelvare. Totalt vart det til vanleg årleg køyrt ut kring 150 kjerrelass med møk.

Mykje av utkøyringa skjedde med hest om vinteren, helst i periodar med snø for å unngå slitasjeskader på underlaget. Kring 1980 tok Erling til å bruke noko kunstgjødsel på teigar der det var vanskeleg å kome til med hest og lass. Engarealet vart sist gjødsla med husdyrgjødsel kring 1992.

3.4 Husdyr

På ”Øvreli” heldt dei både kyr, sauer, geiter og hest. Talet på husdyr har variert ein del opp gjennom åra. Før siste verdenskrigen fødde dei kring 37-38 geiter, etter krigen var talet 47-48 (noko meir enn tala oppgitt i jordbrukssteljingane i 1949). I 1996 hadde dei 6 vinterfôra geiter. Dei ”hadde alltid” 6 vinterfôra sauer fram til at det vart slutt på sauehaldet i 1971.

Vanlegvis var det 7-8 mjølkekyr på bruket, på det meste opp til 17 storfe med stort og smått. I 1996 var det berre ei mjølkekju på garden (Fagerlin) (fig. 18). Hest har dei alltid hatt fram til den siste vart sold i 1994. Like før siste krig hadde dei pelsdyr (rev) eit par-tre år (1937-38). Framleis står nokre murar etter revegarden like vest for stabburet.

Alle dyra vart tidlegare sleppte ut kring 17. mai, geitene fekk komme ut noko tidlegare. Dyra gjekk fritt kring på innmarka fram til slutten av mai då dei vart jaga ut i «hagane» (utanfor gjerdet mot Nedstestølen).

Sidan bruket har vore vanskeleg tilgjengeleg for meierileveranse, har dei stort sett foredla mjølka på staden (fig. 17). Kjellaug kinna smør og levert dette for sal heilt til dei slutta med kyr i 1996.

3.5 Beitemark

Tidlegare var det avgrensa beiting på innmarka om våren, husdyra beita hovudsakleg i den nære hagemarka og utmarka. Dyra trekte oppover i skogen og i fyrste omgang mot Nedstestølen. Fleire av dei tidlegare naturengene, spesielt i Teigane, utgjorde dei siste åra beitemark. I 1994 var areala framleis opne, berre med einskilde oppslag av småtre og busker. I 2009 er dette området nesten heilt tilgrodd med bjørkekratt/skog.

Beitemarka er samansett og spenner frå turre kollar, friske grasbakkar til fuktige myrsig. Generelt er beitemarkene grasdominerte, men innslaget



Figur 17. Mjølka frå kyrne på Ormelid kunne ikkje leverast til meieri. Kjellaug kinna smør og laga mange ulike mjølkeprodukt på garden.

av urter var tidlegare særstundt høgt. Det var registrert 126 ulike gras og urter i beitemarka i «Teigane» i 1995. 20 år seinare kan ein trass i attgroinga, framleis finne mange lyskrevjande gras og urter her.

3.6 Hagemark og styvingstre

Hagemarksareala omkransar den opne innmarka. Tidlegare var det intens utnytting av hagemarka gjennom beite og ikkje minst ris- og lauvsvank (Austad & Hauge 1996). Denne aktiviteten forma ein open struktur, gjerne med store frittståande tre. Ettersom lauvvinga og slåtten tok slutt på 1950-talet, er det berre sporadisk husdyrbeite som har halde kulturmarkstypen ved like.

Lauv var tidlegare eit viktig fôrprodukt på garden. Sjølv med store høyavlingar, var det nødvendig med tilskot av lauv. 50 vinterfôra geiter fekk som regel to hovudmåltid for dagen med lauv. Før krigen hadde dei arbeidshjelp i lauvinga. Ein person lauva gjennom heile sommaren med ulike dagsakkordar. Dagsakkorden var 8 tjug (160 kjervar) med orelauv, 5 tjug (100 kjervar) med bjørkelauv eller 3 tjug (60 kjervar) med ospelauv. Under krigen og i åra etterpå hjalp Kjellaug og Erling til med lauvinga.

Styvingstrea, vesentleg av bjørk, stod i heile utmarka. Lauv vart også sanka i området kring Nedstestølen. Lauvet vart lagra kringom i hagemarka i tradisjonelle lauvrauk. Plasseringa av raukeplassane varierte etter kor lauvinga føregjekk, utan bruk av faste lauvraukplassar. Lauvrauka vart oppførte også ved heimestølen og i slåtteområdet Gjerdene. Lauvrauka variero i storleik, vanlegast var storleikar mellom 100 til 200 kjervar. Det vart slutt med å setje opp lauvrauk like etter siste krig.

Osp vart også lauva, spesielt mykje lauv vart henta frå ospeteigane noko sør-aust for innmarka. Her vart lauvet opphengt til turk på dei styva ospestammene og lagra på låven. Ospelauvet vart svært sjeldan lagra i rauk. Gråor vart hoggen som snelskog ut på sommaren, vanlegast i august og september. Dei lauva stammene vart nedhogne ut på vinteren og brukt som ved.

Nokre vårar var det dessutan nødvendig å spe på føret med friskt ris. Kjellaug fortel at dei kunne bli fôrlause i mars og måtte til å samle ris frå alm. Almetrea stod i utmarka, fleire står enno. Kjellaug hugsar at dei som born også sanka ris nede i «Øyane» og bar riskjervane opp til gards annankvar dag. Skav av almebork vart også avriven og gitt til husdyra. Kjellaug og Erling heldt på med rising til etter krigen, kanskje til først på 1950-talet.



Figur 18. Sommaren 1997 var den siste sesongen det vart beita på Ormelid. Her er den siste kua "Fagerlin" på beite i "Teigane".

3.7 Vedhogst

Hogst i utmarka var vanleg arbeid. Erling hogg både bjørk, or og osp til eige forbruk, ingenting vart selt. Spesielt gjekk det med mykje ved til primostkokking. Under og like etter krigen vart det hogge ekstra mykje ved. Erling hugsar at ein i 1946 tok ut om lag 20 mål. Det vart ikkje hogge virke til tømmer eller større emneproduksjon. Staurmateriale vart også henta frå skogen.

Ved vart kløyja opp til Øvstestølen. Etter at løypestrengane kom på plass, nutta ein desse også til frakting av ved i motbakke. Dette vart gjort ved å oppføre to parallelle stenger. Ved hjelp av trinser, tau og ei motbør med stein litt tyngre enn vedbøra, vart veden frakta i motbakken.

Veden vart kløyvt vidare med hest inn til Stølsdalen. Det vart frakta om lag 5 mål med ved til Stølsdalen i dei 8-9 vekene ein støla der. Ein del torv frå fjellområda vart nytta til brensel i tillegg til ved, Erling hugsar ikkje heilt mengda. Stølinga i Stølsdalen tok slutt i 1947.

3.8 Andre opplysingar

I nedbørsfattige periodar var det nødvendig med kunstig vatning. Det var eit system av vatningsveiter både i Stølsdalen og andre stadar i fjellet. Gjennom desse veitene kunne ein avskjere grøver og føre vatnet fram til dei mest produktive teigane.

På innmarka går det fleire grøver som sjeldan er turrlagde. I turkeperiodar la ein tidlegare ut gamle brannslagar for å føre vatnet fram til område som «skein» (vise tydelege teikn til turke). Stoffslangane hugsa både Kjellaug og Erling frå dei var småe.

I nedre del av Skallen ligg ei stein- og hellesett grøft med uvisst opphav. Det er ikkje utenkyleg at dette var ein del av eit gammalt grøftesystem som drenerte gjennom det beste åkerarealet. I flaum-periodar får vatnet stor makt og kan lett grave gjennom jord- og lausmassane, eller ta nye løp. For å motverke erosjon var det kanskje nødvendig å styre vatnet for å unngå at verdifull jord vart skylt bort. Veita kan også ha hatt ein viss funksjon for å leie vatn i samband med kunstig vatning.

Gardsarbeidet hadde faste rytmar gjennom døgnet. Erling og Kjellaug arbeidde etter gjeremåla og ikkje etter klokka. I sommarhalvåret starta arbeidsdagen tidleg. I slåtten stod dei opp i 5-tida om morgonen for å utnytte doggen i graset. Arbeidsøkta ute varte fram til i halv tolv-tida då dei tok seg ein lengre pause med kvild, gjerne tre-fire timer. Dei starta opp att med arbeidet når den verste solsteiken var over for å arbeide utover kvelden.

4. REFERANSAR OG AKTUELL LITTERATUR

Referansar:

Austad, I. & Hauge, L. 1996. Navskog og snelskog, lauving i vest-Norge. I: Slotte, H. & Göransson, H. (eds.). Lövtäkt och stubbeskottsbruk. Människans förändring av landskapet – boskapskötsel och åkerbruk med hjälp av skog. Del I:87-100. Kungliga Skogs- och Landbruksakademien. Stockholm.

Austad, I. & Øye, I. 2001. Den tradisjonelle vestlandsgarden som kulturbiologisk system. I Skar, B. (red.): Kulturminner og miljø. Forskning i grenseland mellom natur- og kultur. s. 135-205. -Norsk institutt for kulturminneforskning.

Hauge, L., & Austad, I. 2010. Skjøtselsplan for kulturlandskapet på Øvre Ormelid, Luster kommune. HSF rapport x. 2010.

Valvik, K.A. & Åstveit, J. 1999. Jordbruksutvikling og jordbruksdrift på Lee og Ormelid. Gåardsundersøkelser i tid og rom. *-Arkeo* 1:37-46. Bergen Museum, Bergen.

Øyane, L.E. 1984. Gards- og ættesoge for Luster kommune. Band I, Fortun sokn.

Øye, I., Julshamn, L., Bade, R., Valvik, K.A. & Larsen, J. 2002. Vestlandsgården-fire arkeologiske undersøkelser. Havrå-Grinde-Lee-Ormelid. Arkeologiske avhandlinger og rapporter fra Universitetet i Bergen. 8. s. 1-76.

Åstveit, J. 1998. Ormelid - marginal eller sentral? En arkeologisk punktundersøkelse av Ormelid i Luster, Sogn og Fjordane. Hovedfagsoppgave i arkeologi med vekt på Norden. -Universitetet i Bergen, 139 s.

Aktuell litteratur:

Austad, I., Hauge, L. & Helle, T. 1993. Kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Bruk og vern. Sluttrapport. - Avd. for landskapsøkologi, Sogn og Fjordane DH. 54s.

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. – Norsk institutt for naturforskning. Trondheim.

Hauge, L. & Austad, I. 1989. Kulturlandskap og kulturmarkstypar i Luster kommune. Rapport 5. -Sogn og Fjordane DH Skr. 1989:8. 98s.

Hauge, L., Natlandsmyr, B. og Austad, I. 2005. Artsrike slåtte- og beiteenger i Sogn og Fjordane, status for eit utval av lokalitetar. HSF Rapport nr 5. 2005.

Hauge, L. & Austad, I. 2008a. Supplerande kartlegging av biologisk mangfold i jordbruks kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Direktoratet for naturforvaltning. DN-utredning 2008-6.

- Hauge, L. & Austad, I. 2008b. Supplerande kartlegging av biologisk mangfold i jordbrukets kulturlandskap i Sogn og Fjordane. Registrering for Balestrand, Vik, Leikanger, Sogndal, Luster, Lærdal, Aurland og Årdal. Rapport 3/2008. Avdeling for ingeniør- og naturfag. Høgskulen i Sogn og Fjordane.
- Hovstad, K. 2002. Status for eit utval artsrike engar i Sogn. Rapport 3. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. 37 s.
- Laberg, J. 1926. Luster bygd og ætter. Bygdebok for Luster.
- Myklestad, Å. 2004. Effects of land-use changes on species richness and composition of traditional meadows. Dr. scient thesis. Department of biology. University of Bergen.
- Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. & Kvamme, M. 1999 (red.): Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle, norske kulturmarker. 252 s. Landbruksforlaget.
- Svalheim, E., Asdal, Å., Hauge, L., Marum, P. & Ueland, J. 2005. Bevaring av genressurser. Fôrplanter i gamle enger og beiter. Genressursutvalget for kulturplanter. Planteforsk Landvik.
- Skildheim, H.E. 2008. Høgdegardar i Luster i fortid, notid og framtid. Bacheloroppgåve i landskapsplanlegging. Upubl.
- Stoknes, K. 1997. Human-influenced effects on vegetation. A quantitative community level study on alpine summer farms in Sogn, Western Norway. Hovedfagsoppgave ved Botanisk institutt, Universitetet i Bergen. 72 s. Vedlegg.
- Soldal, O. 2000. Gammelt landbruk på Ormelid. I Lauritzen, P.R. (red.) På tur i Breheimen. - Den Norske Turistforeningens Årbok 2000, s. 110-115.
- Ødegård, Kari. 2008. Høgdegardar – ein god stad å bu. Ei undersøking omkring høgdegardar kring midtre delar av Lusterfjorden. Årbok for Sogn nr. 54. De Heibergske Samlingar – Sogn Folkemuseum.

5.0 VEDLEGG

Vedlegg 1: Oversikt over oppføringsstad for hesjar

Kartet summerer opp alle stadar der det vart sett opp hesjar. Såleis blir dette eit maksimumskart, det eksakte talet på hesjar kunne variere ein del frå år til år. Plassering på innmarka var også avhengig av vekslinger mellom eng- og åkerkulturar (sjå også figur 16).

Hesjane i Teigane:

Hesje nr. 01 = 30 golv
 Hesje nr. 02 = 20 golv
 Hesje nr. 03 = 17 golv
 Hesje nr. 04 = 18-19 golv
 Hesje nr. 05 = 12-13 golv
 Hesje nr. 06 = 16 -17 golv
 Hesje nr. 08 = 15-16 golv
 Hesje nr. 09 = 30 golv
 Hesje nr. 10 = 22 golv
 Hesje nr. 11 = 20 golv. Gjekk heile vegen over åkeren.
 Hesje nr. 12 = 15 golv
 Hesje nr. 13 = 14-15 golv
 Hesje nr. 14 = 22 golv
 Hesje nr. 15 = 11 golv
 Hesje nr. 16 = 9-10 golv
 Hesje nr. 17 = 17-18 golv

Diverse hesjar mot Monsateigen:

Hesje nr. 18 = 16-17 golv. Under stabburet
 Hesje nr. 19 = 9 golv
 Hesje nr. 20 = 20-22 golv
 Hesje nr. 21 = 25-26golv
 Hesje nr. 22 = 25 golv
 Hesje nr. 23 = 28-30 golv
 Hesje nr. 24 = 18 golv

Hesje nr. 25 = 12 -13 golv

Hesje nr. 26 = 20-22 golv. I 1945 gjekk ei lita hesje over åkeren.

Hesje nr. 27 = 23 golv. Langs med åkerkanten i 1945.

Hesje nr. 28 = 20 golv. På kanten av muren etter at åkeren vart lagd ned.

Hesje nr. 29 = 34 golv. Gjekk heile vegen over åkeren.

Hesje nr. 30 = 18 golv. I bakkant.

Hesje nr. 31 = 11 golv. Hola.

Hesje nr. 32 = 12 golv

Hesje nr. 33 = 22 golv. Her var åker å 1900-talet (1917-1918).

Hesje nr. 34 = 29 golv

Hesje nr. 35 = 31 golv

Hesje nr. 36 = 15 golv

Hesje nr. 37 = 11 golv

Hesje nr. 38 = 17 golv

Hesje nr. 39 = 29 golv. Hesja også i 1996.

Plassen:

Hesje nr. 40 = 18 golv

Hesje nr. 41 = 13 golv

Hesje nr. 42 = 31-32 golv

Hesje nr. 43= 20-22 golv

Hesje nr. 44= 17 golv

Hesje nr. 45= 22 golv

Hesje nr. 46= 19 golv

Hesje nr. 47= 21 golv

Hesje nr. 48= 13 golv

Reset-hesjane:

Hesje nr. 49 = 13 golv

Hesje nr. 50 = 18 golv

Hesje nr. 51= 18 golv

Hesje nr. 52 = 11 golv

Hesje nr. 53 = 16-17 golv

Hesje nr. 54 = 32 golv

Hesje nr. 55 = 27 golv
 Hesje nr. 56 = 32 golv
 Hesje nr. 57 = 30 golv
 Hesje nr. 58 = 21 golv
 Hesje nr. 59 = 18 golv. Lusakloi.
 Hesje nr. 60 = 16 golv
 Hesje nr. 61 = 18-21 golv
 Hesje nr. 62 = 20 golv

Kadlåkerhesjane:

Hesje nr. 63 = 22 golv
 Hesje nr. 64 = 16-20 golv. Avhengig av fôrmengd.
 Hesje nr. 65 = 19 golv
 Hesje nr. 66 = golv

Grovadalshesjane:

Hesje nr. 66 = 12 golv
 Hesje nr. 67 = 16 golv
 Hesje nr. 68 = 29 golv
 Hesje nr. 69 = 9 golv. I Hola.

Flåtaklørne-hesjane:

Hesje nr. 70 = 22 golv
 Hesje nr. 71 = 15 golv

Flåta-hesjane:

Hesje nr. 72 = 21 golv
 Hesje nr. 73 = 18 golv
 Hesje nr. 74 = 29 golv
 Hesje nr. 75 = 18 golv
 Hesje nr. 76 = 17-18 golv
 Hesje nr. 77 = 16-17 golv

Ned til Hatlad'n hesjane:

Hesje nr. 78 = 13-14 golv
 Hesje nr. 79 = 14 golv
 Hesje nr. 80 = 14-15 golv
 Hesje nr. 81 = 18-19 golv
 Hesje nr. 82 = 16 golv

Hesje nr. 83 = 32 golv. Langarompahesi
 Hesje nr. 84 = 18-19 golv. Heggåkerhola-hesi
 Hesje nr. 85 = 16 golv
 Hesje nr. 86 = 13-14 golv
 Hesje nr. 87 = 21 golv
 Hesje nr. 88 = 7-8 golv. Killinghola.

Hesjane nedpå Dumpi:

Hesje nr. 89 = 32 golv
 Hesje nr. 90 = 32 golv
 Hesje nr. 91 = 39golv
 Hesje nr. 92 = 37-38 golv
 Hesje nr. 93 = 14-15 golv
 Hesje nr. 94 = 14 golv
 Hesje nr. 95 = 14-15 golv. Ved Langarompa
 Hesje nr. 96 = 13-14 golv
 Hesje nr. 97 = 20 golv
 Hesje nr. 98 = 28 golv
 Hesje nr. 99 = 24 golv
 Hesje nr. 100 = 18-20 golv. Langs med grovi.

Hesjar i Gjerdene:

Hesje nr. 101 = 13-18 golv
 Hesje nr. 102 = 13-18 golv
 Hesje nr. 103 = 13-18 golv
 Hesje nr. 104 = 13-18 golv
 Hesje nr. 105 = 13-18 golv
 Hesje nr. 106 = 13-18 golv
 Hesje nr. 107 = 13-18 golv
 Hesje nr. 108 = 13-18 golv
 Hesje nr. 109 = 13-18 golv
 Hesje nr. 110 = 13-18 golv
 Hesje nr. 111 = 13-18 golv


Dei slo heilt ned til Bergi. Hesjane er tilvist av Erling, men plasseringa noko omrentleg

Hesje nr. 112 = ca. 10 golv. Ei litra hes i Tretteteigen under Flåten


Vedlegg 2:

Registrerte stukturar på ulike delområde på Øvre Ormelid.

Registreringane er gjorde med totalstasjon og har i utgangspunktet ein nøyaktigheit på $+/- 10$ cm. Alle karta byggjer på registreringar og oppmålingar i samband med "Vestlandsgården"-prosjektet. Karta er tilrettelagde av Stein Tage Domaas i 1997.



Registrerte og innmålte strukturar på delområdet Tunet.



Dumpi

Teiknforklaring

| | |
|----------------|---------------|
| | Klopp |
| | Vassårer |
| • Steinstolpar | Gammelvegen |
| ● Frukttre | Gjerde |
| ● Tre | Mur, bygning |
| ● Stolpe | Rydringsryser |
| | Steingard |
| | Bygningar |
| | Bærhage |
| | |
| | |



NFR-prosjektet: "Den tradisjonelle Vestlandsgården som kulturbiologisk system"
Tilrettelagt av Stein Tage Domaas
1997

Registrerte og innmålte strukturar på delområdet Dumpi.



Flåten


Teiknforklaring

| | |
|----------------|---------------|
| | Klopp |
| | Vassårer |
| • Steinstolpar | Gammelvegen |
| ● Frukttre | Gjerde |
| ● Tre | Mur, bygning |
| ● Stolpe | Rydringsryser |
| | Steingard |
| | Bygningar |
| | Bærhage |
| | |
| | |



NFR-prosjektet: "Den tradisjonelle Vestlandsgården som kulturbiologisk system"
Tilrettelagt av Stein Tage Domaas
1997

Registrerte og innmålte strukturar på delområdet Flåten.




Flåtaklo

Teiknforklaring

| | |
|----------------|----------------------|
| | Eigedomsgrenser |
| | Klopp |
| | Steingard |
| | Hedekotar, 5 m |
| • Steinstolpar | Steinstolpar |
| ○ Frukttre | Frukttre |
| ● Tre | Tre |
| ● Stolpe | Stolpe |
| | Gjerde, vanleg/stein |
| | Vegmur |
| | Vegkant |
| | Røys |
| | Gamlevegen |
| | Brann |
| | Mur, bygning |
| | Rydringsreyser |
| | Steingard |
| | Bygningar |
| | Bærhage |

N
10 0 10 20 30 40 50 Meters
NFR-prosjektet: "Den tradisjonelle Vestlandsgården som kulturbiologisk system"
Tilrettelagt av Stein Tage Domaas 1997

Registrerte og innmålte strukturar på delområdet Flåtaklo.




Plassen

Teiknforklaring


| | |
|----------------|----------------------|
| | Eigedomsgrenser |
| | Klopp |
| | Steingard |
| | Hedekotar, 5 m |
| • Steinstolpar | Steinstolpar |
| ○ Frukttre | Frukttre |
| ● Tre | Tre |
| ● Stolpe | Stolpe |
| | Gjerde, vanleg/stein |
| | Vegmur |
| | Vegkant |
| | Røys |
| | Gamlevegen |
| | Brann |
| | Mur, bygning |
| | Rydringsreyser |
| | Steingard |
| | Bygningar |
| | Bærhage |

N
10 0 10 20 30 40 50 Meters
NFR-prosjektet: "Den tradisjonelle Vestlandsgården som kulturbiologisk system"
Tilrettelagt av Stein Tage Domaas 1997


Registrerte og innmålte strukturar på delområdet Plassen.



Registrerte og innmålte strukturar på delområdet Skallen.



Registrerte og innmålte strukturar på delområdet Monsateigen.



Registrerte og innmålte strukturar på delområdet Grøsvaløa.